



## Referat FAU-møte Fridalen skule

Dato: 01.12.21 kl. 19-21

Foreldrerådets arbeidsutvalg

Stad: Filmsalen skulen (fysisk møte)

Tilstades: 1A, 1B, 1C, 2A, 2B, 2D, 3A, 3B, 3C, 3D, 4A, 4C, 4D,  
5A, 5B, 6A, 6B, 7B, 7C

### Saksliste:

**1. Godkjenning av innkalling:** ingen kommentarar.

**2. Godkjenning av referat fra FAU-møte 27. oktober:** referat godkjent.

**3. Rektors hjørne (15 min )**

- Reflekskampanje og hjertesonedagen. FAU sponsrar premiar til reflekskampanjen. Reflekskampanje er i gang. Refleksar er delt ut.
- Hjertesone: Må evaluerast om hjertesone-oppdeling er dei beste løysningane, saman med «kampanjedama» (frå ein etat). Elevar og vaksne frå FAU og frå skulen stod i hjertesone rundt skulen fredag for å informere bilstistar som køyrer borna til skulen. Litt diverse tilbakemelding frå bilistar hjertesonedagen, ikkje alle bryr seg om hjertesona. Foreldre må unngå å snu i Bøkeveien ved porten, dette skapar veldig farlege situasjonar der barn kan bli påkøyrd.
  - Talentiade. FAU sponsrar vandrepokal. Elevrådet har audition for talentiade kvar fredag. Ender opp med ein finale til våren. Stort engasjement på skulen.
  - Foreldreundersøking: därleg svarprosent foreløpig. Blir berre sendt ut til 1 forelder. Sendt ut på SMS.
  - Gatefest til våren: Elevrådsleiar var invitert til byråden og bymiljøetaten – kommunen ynskjer meir liv og røre i gatene. Elevrådet ynskjer å få dette til saman med FAU til våren. Til dømes loppemarked først, og ender ut i gatefest etterpå.
  - Barnehagearealet: 531 kvm til bruk pluss brakke (ca 150 kvm) utanfor. Eit arkitektfirma skal teikne for BG kommune, teikningar skal være klart når bhg flytter ut. Rom som manglar på Fridalen skule i dag: grupperom, kantine til spising, toalett for personale, SFO-areal, mat og helserom, kunst og handverksal, bibliotek, bøttekott for reinhaldspersonale, arbeidsareal for lærarar. Resten blir undervisingsareal. Romma som erstattast på Fridalen skule må endrast litt, og utanom dette skal ikkje Fridalen skule ikke pussast opp.
  - Nasjonale prøver: Gjennomført. I matte og engelsk skårer vi litt over landsgjennomsnittet, i norsk skårer vi litt under landsgjennomsnittet.

#### **4. Juleavslutning og smittesituasjonen**

Skulen vurderer å avlyse juleavslutninga, som ein følge av noverande smittesituasjon. Rektor vil gjerne diskutere saken med FAU.

Litt auka smitte siste døgnet. Tidlegare var regelen: meir enn 3 smitta på eit trinn, då reknast det som utbrudd. Dette er endra nå pga det er så mykje smitte. Nå at det skal meir til for å kalle det eit utbrudd. Retningslinjer: Det tilrådast å ikkje synge, ikkje halde hender, ikkje store forsamlingar. Adventsstunden tek skulen ute. Vi avlyser ikkje, men flytter arrangement ut. Tilråder å teste barna ved smitte på trinnet. Det kan ikkje påleggast men tilrådast. Rektor har hurtigtestar og kan bli einig med foreldre om det skal sendast med heim for testing. Dette er eit ømtåleg tema og rektor kan ikkje sende heim testar utan at dette er avklart. Det er smittevernkontoret som kan bestemme at hurtigtestar kan sendast med barna heim.

Rektor ønskjer at FAU diskuterer og blir enige om korleis vi løyser div juleavslutningar. Veldig splitta i meininger i FAU. Vi går for klassevise juleavslutningar ute eller inne, men avlyser samling for heile skulen, slik planen var. FAU representantar sender ut til våre klassekontaktar at dei tek initiativ til klassevise juleavslutningar. Rektor sender ut informasjon om at felles juleavslutning for heile skolen avlysast.

#### **5. Foreldreorganisert foreldremøte etter nyttår**

Friedericke orienterer om konseptet med foreldreorganisert foreldremøte, som vart foreslått av FAU i fjor. Dette møtet skal ha klassemiljø som tema, og synleggjere korleis foreldre kan bidra til eit godt klassemiljø. Psykososial gruppe er beden om å kome med forslag til agenda for møtet, for ulike klassetrinn. Sjå vedlegg til referatet. Til dømes: korleis organisere bursdagar, vennegrupper, mobilbruk, dataspel, fritidsaktivitetar. FAU-representantar samarbeider med klassekontaktar om agenda for foreldremøtet, som passar for trinnet/klassen.

Skulen kallar inn til møtet. Startar med fellessamling med ein foredragshaldar, så klassevis foreldremøte leia av FAU-representant og kontaktlærar. Gjerne involvere klassekontakt. Skulen avgjer om det blir for heile skulen same dag eller om det blir trinnvis.

Forslag til agenda, som kan tilpassast kvar klasse, sendast ut med referat.

#### **6. Orientering frå arbeidsgruppe Kurs og kultur v/Vegard Markhus**

Presentasjon av resultat frå evaluering av kurs.: Hatt evaluering av foreldreundersøking blant foreldre som har barn på kursa. Mange er veldig nøgd med tilboda. Litt dårlig kommunikasjon med breakdance-instruktør; foreldre har ikkje fått beskjed når kurs har vore avlyst.

Pris: det store fleirtalet synes det er passeleg pris. Pris: 350-800 pr 10 g.

Informasjon om at det går an å få økonomisk støtte, men gruppa vurderer nå å lage eit skjema der ein kan krysse av dersom ein ikkje har råd til å betale – og lage informasjonen meir tydeleg. Kan informere i e-mail som vert sendt ut.

Gruppa har prøvd å få kontakt med nye kurshaldarar, men fått lite svar. Kjem til å prøve å fortsette med ein del av kursa vi allereie har.

## **7. Orientering frå arbeidsgruppe Psykososialt skulemiljø v/Gjertrud Coutinho (leder)**

Gruppa har hatt første møte i dag. Gjertrud Coutinho er vald til leiar.

Sak 1. Foreldremøte (sjå tidlegare i referatet).

Sak 2. Gatefest i Bøkeparken, vi ønskjer å gå for det og vere med og arrangere det. Idemyldring på kva vi kan gjere på ein slik fest. Det er elevrådet som skal stå for festen, men psykososial gruppe kan hjelpe til der det trengs. Dette kan det søkast midlar om til kommunen, frist i februar. Skulen kan ikkje söke men FAU kan.

Kontaktperson i FAU/Psykososial gruppe for Gatefesten er Lisa Hartveit (1B).

Sak 3. Kvalitetsoppfølging: Gjertrud deltek i møte med Bergen kommune, saman med Friederike.

## **8. Orientering frå arbeidsgruppe Fysisk skulemiljø v/Tina Søfteland**

Gruppa hadde møte forrige veke. Ina Nepstad er vald til leiar, Marit Lorentzen til nestleiar.

Orientering om gjennomført hjertesonedag.

Are skal hjelpe til å få tak i syklar til skulen, syklar som elevar kan låne.

Gruppa kan vere sparringspartnar for skulen i samband med overtaking av barnehageområdet, og kva området skal brukast til. FAU er ikkje formelt ein partn som skal vere med og kome med forslag til bruksområder, men dei kan vere ein sparringspartnar viss ønskeleg.

Brukte mykje tid på hjertesonekartet, ønskjer å arbeide vidare med dette og evaluere . Ikkje alle løysingar på dette kartet er gode løysingar. Ulsmåg skule(?) har fått male i vegen for å gjere hjertesona meir tydeleg, evt ta kontakt med skulen for å høyre korleis dette har fungert.

## **9. Orientering frå SFO-kontakt v/Marianne Holvik :**

Kommunikasjon mellom sfo og foreldre er blitt bedre. Måltidssituasjonen med 3/4.trinn er nå ok. Foreldre må melde til FAU, og FAU melder vidare til SFO-leiar dersom det er noko dei vil ta opp.

## **10. Eventuelt**

- Orienteringssak: revisor frå ifjor, Morten Netedal, stiller som revisor igjen for inneverande skuleår
- Natteravn: Informasjon frå Ida: Møte med rektor for Fridalen, 2 frå FAU Fridalen, rektor for Slettebakken og 2 fau-representantar frå Slettebakken. Desse blir leiargruppe for natteravnane. Det blir på kveldstid, retta mot mellomtrinn og ungdomar, frå kl.18-21/22, 2 til 3 kveldar i veka (i utg.pkt tirsdagar og fredagar). Butikkar, Sletten senter melder om stjeling og uro.

Skal ha møte om dette med: ein miljøarbeidar frå Slettebakken menighet, Nymark, Trane, rektor frå begge skulane og FAU-repr frå begge skular, politiet og natteravner frå andre områder.

- Forslag om det skal settast av tid til gruppemøter som ein del av FAU-møtene. Det blir ikkje gruppemøte som del av FAU møtet, gruppemøter blir utanom ettersom vi har behov for tida til diskusjonar. Dersom behovet endrast, kan det takas opp til vurdering igjen.

Mvh

FAU-leiar for Fridalen skule

Velaug Myrseth Oltedal

E-post: [velaug.myrseth@gmail.com](mailto:velaug.myrseth@gmail.com)

Mob: 41649997